



Arkivsak

26/11632-1

Sakshandsamar

Solveig Prestegard

Saksgang

Hovedutvalg for næring, industri og

klima

Fylkesutvalg

Møtedato

26.05.2026

10.06.2026

Representantskapsmøte 2026 Kraftkompetanse KO

Innstilling frå fylkesdirektøren

1. Telemark fylkeskommune støttar innkallinga til representantskapsmøte i Kraftkompetanse KO.
2. Telemark fylkeskommune støttar forslaga til vedtak som ligg i innkallinga til representantskapsmøtet for Kraftkompetanse KO.

Bakgrunn og saksgang

Saka gjeld eigarskapsoppfølging av Kraftkompetanse KO. Det er kalla inn til Representantskapsmøte 24. juni 2026. Saka gjeld handsaming av saker til representantskapsmøtet.

Det kommunale oppgåvefellesskapet Kraftkompetanse KO (KKO) vart formelt stifta 13.05.2020. Kraftkompetanse KO er eigd av kommunane Fyresdal, Hjartdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tinn, Tokke, Vinje og Vestfold og Telemark fylkeskommune (Telemark fylkeskommune frå 01.01.2024). KKO skal vere eit regionalt kompetansesenter for kraftsaker for kommunar og fylkeskommune, og forvaltning av naturressursar. Oppgåvefellesskapet vert styrt av ein samarbeidsavtale, ein eigarstrategi og ein verksemdsplan. Hovudkontoret er i Åmot i Vinje kommune.

Telemark fylkeskommune har ein eigardel i Kraftkompetanse KO på 14%.

Saka skal til handsaming i Hovudutvalet for næring, innovasjon og klima, som innstiller til fylkesutvalet. Fylkesutvalet gjer endeleg vedtak i saka.

Saksopplysningar

Representantskapet er øvste organ i Kraftkompetanse KO. Eigarane er likestilte i representantskapet og har ei røyst kvar. Fylkesordførar Sven Tore Løkslid vart vald som representant frå Telemark Fylkeskommune til representantskapsmøta i KKO, i sak 57/23 i Telemark fylkesting, 12.12.2023.

Innkallinga til representantskapsmøtet har fylgjande saker:

PS 1/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 2/25	Val av 2 representantar til å skrive under protokollen
PS 3/26	Årsrekneskap for 2025
PS 4/26	Årsmelding for 2025
PS 5/26	Val av styre, styreleiar og nestleiar i styret
PS 6/26	Val av valnemnd
PS 7/26	Revidert budsjett for 2026
PS 8/26	Fastsetjing av årleg deltakarinnskot
PS 9/26	Budsjett og økonomiplan for 2027-2030
PS 10/26	Fastsetjing av timepris for fakturerte tenester
PS 11/26	Orientering om oppbygging av regionalt kompetansesenter for energisaker
PS 12/26	Eventuelt

Merknad til utvalde saker

PS 3/26 Årsrekneskap for 2025

Årsrekneskap for 2026 fylgde ikkje med innkallinga, og vil bli ettersendt når den er klar. Då vil også revisjonsberetninga bli sendt ut.

PS 4/25 Årsmelding for 2025

Årsmelding for 2025 fylgde ikkje med innkallinga, og vil bli ettersendt når den er klar.

PS 5 Val av styre, styreleiar og nestleiar i styret

Det er kommunane og fylkeskommunen som foreslår sine kandidatar til styret. Etter vedtektene i samarbeidsavtala vert styremedlemmane valde for to år av gongen. Telemark fylkeskommune sine styremedlemmer er ikkje på val i år.

Telemark fylkeskommune sine medlemmer i styret er:

Fast medlem: Baiba Sheine (tatt over for Ådne Naper).

Varamedlem: Bent Frode Nystrøm.

PS 6/24 Val av valnemnd

Valnemnda skal utgjere tre personar; to frå arbeidsutvalet for Vest-Telemarkrådet og ein frå anten Tinn eller Hjartdal kommune. Årets valnemnd set opp forslag til ny valnemnd.

PS 7/26 Revidert budsjett for 2026

Det er lagt fram forslag til revidert budsjett for 2026.

I forslaget til revidert budsjett for 2026 forventar Kraftkompetanse ein auke i inntekter frå 2 256 000 kroner til 2 745 000 kroner. Forventa utgifter er endra frå 2 611 000 kroner til 2 760 000 kroner. Det er foreslått å bruke 15 000 kroner frå disposisjonsfondet.

Bakgrunnen for forslaget til revidert budsjett, er endringar i finansieringa av Kraftkompetanse i 2026, i tillegg til auka aktivitet. På representantskapsmøtet i 2025 fekk styret i Kraftkompetanse støtte til å arbeide vidare med å bygge eit meir heilskapleg kompetansesenter for energisaker. Hausten 2025 gav Telemark utviklingsfond (TUF) eit tilskot på 1,5 millionar kroner per år over tre år, til utviklinga av kompetansesenteret. Arbeidet er no i gang. Tilskotet frå TUF var ikkje kjend då budsjettet for 2026 vart vedtatt på representantskapsmøtet i 2025, og ikkje del av budsjettet.

I budsjettet for 2026 låg det også inne ein post med forskingsmidlar knytt til eit innovasjonsprosjekt SINTEF søkte om midlar til. Prosjektet var retta mot kompetansesenteret. Prosjektet fekk ikkje støtte frå Forskningsrådet og er difor ikkje sett i gang. På bakgrunn av desse to endringane foreslår styret at budsjettet for 2026 blir justert.

PS 8/26 Fastsetjing av årleg deltakarinnskot

Styret foreslår å auke deltakarinnskotet med 10% i 2027. Bakgrunnen er auka prisstiging dei seinaste åra. Deltakarinnskotet har ikkje vore justert sidan Kraftkompetanse vart oppretta. Til no har årleg deltakarinnskot for Telemark fylkeskommune vore 140 000 kroner per år. Etter foreslått justering vil deltakarinnskotet vere 154 000 kroner per år.

PS 9/26 Budsjett og økonomiplan for 2027 - 2030

Styret sitt forslag til budsjett og økonomiplan for 2027-2030 har desse føresetnadene:

Inntekter:

- Tilskot frå TUF på 1,5 millionar kroner per år i tre år, med oppstart andre kvartal 2026.
- Sekretariatsoppgåvene for Konesjonskraftstyret i Telemark held fram gjennom heile perioden (avtala vert fornya kvart år)
- Regionalt kompetansesenter for energisaker vil få statleg støtte når tilskotet frå TUF tar slutt.
- Kraftkompetanse tar på seg oppdrag for vassområda frå og med 2028.

Kostnader:

- Forslag om å auke staben med ei 50% stilling frå 2028 som kan ta rolla som vassområdekoordinator.
- Reknar med vidare drift av kompetansesenteret etter 2029 og auke staben med ytterlegare ei 50% stilling frå 2030.
- Det er planlagt å nytte noko midlar frå disposisjonsfondet i åra framover, på mellom 216 000 og 260 000 kroner årleg.

I forslag til budsjett for 2027 er det lagt fram driftsinntekter 3 250 000 kroner, og kostnader på 3 226 000 kroner.

PS 10/26 Fastsetjing av timepris for fakturerte tenester

Representantskapet skal fastsetje timeprisen for fakturerte tenester for komande år. I 2026 er timeprisen 800 kroner eksklusiv meirverdiavgift. Styret foreslår at timeprisen for 2027 vert auka til 850 kroner eksklusiv meirverdiavgift.

PS 11/26 Orientering om oppbygging av regionalt kompetansesenter for energisaker

På representantskapsmøtet i 2025 fekk styret støtte til å jobbe vidare med å bygge eit meir heilskapleg kompetansesenter for energisaker. Hausten 2025 fekk Kraftkompetanse eit tilskot frå Telemark utviklingsfond (TUF) på 1,5 millionar kroner per år over tre år til kompetansesenteret. Det er oppretta ei 3-årig prosjektstilling, og prosjektleiar vart tilsett 1. april 2026. Prosjektleiar gjekk tidleg ut i svangerskapspermisjon, og stillinga vil fyllast av vikar fram til sommaren 2027.

Grunna ressurssituasjonen har oppbygginga av kompetansesenteret ikkje kome skikkeleg i gang enno. Aktivitetar er under planlegging som vil støtte opp under etableringa. Mellom anna nettverkssamling i september med tema lokaldemokrati i kraftsaker, og workshop med kommunane for å få ei betre forståing for behovet for hjelp i energisaker, og korleis kommunane ser for seg at eit kompetansesenter kan bidra.

Økonomiske, administrative og juridiske konsekvensar

Det er foreslått å justere deltakarinnskotet med 10% frå 2026 til 2027. Deltakarinnskotet for Telemark fylkeskommune vil vere 154 000 kroner i 2027 og 2028. Det vil si 14% av eit samla deltakarinnskot på 1 100 000 kroner.

I 2029 og 2030 er det foreslått eit samla deltakarinnskot på 1 200 000 kroner. Det tilsvarer eit årleg deltakarinnskot på 168 000 kroner for Telemark fylkeskommune.

Det er elles ingen administrative eller juridiske konsekvensar ved saka.

Konsekvensar for fylkets klimamål og FNs bærekraftsmål

Klimamålet: Fylket er avhengig av tilstrekkeleg med fornybar kraft i regionen for å kunne nå klimamålet om 60% reduksjon innan 2030. Eit godt samarbeid og kunnskapsgrunnlag rundt dagens kraftproduksjon, fornybare ressursar og potensialet for utvikling av ny energiproduksjon er viktig for å nå klimamåla. Samarbeidet i Kraftkompetanse KO er viktig for dette arbeidet.

FNs berekraftsmål 7: Sikre tilgang til berekraftig energi som alle kan ha råd til.

Tilstrekkeleg produksjon av fornybar energi er viktig for Telemark og samfunna våre.

Kraftkompetanse KO bidrar til å nå dette målet, gjennom auka kompetanse og medvit rundt desse spørsmåla.

FNs berekraftsmål 13: Handle umiddelbart for å stoppe klimaendringane og kjempe mot konsekvensane. Meir tilgang på fornybar energi er viktig for å nå klimamåla. Offentlege

samarbeid som Kraftkompetanse KO legg til rette for gode prosessar lokalt og regionalt, kunnskapsbaserte avgjerder og lokal forankring i desse spørsmåla.

FNs berekraftsmål 17: Samarbeid for nå måla. Samarbeid er nøkkelen for å nå berekraftsmåla. Tett og godt samarbeid med vertskommunane som har kraftressursar og kunnskap om kraftproduksjon, støttar opp om målet om samarbeid.

Fylkesdirektørens vurdering

Fylkesdirektøren viser til at Kraftkompetanse har etablert seg som eit godt samarbeidsforum og kompetanseorgan som kommunane og fylkeskommunen har stor nytte av. Eigarskapet i Kraftkompetanse KO er viktig for Telemark fylkeskommune, som del av arbeidet med energi, produksjon av fornybar energi, nett og samfunnsutvikling generelt. Det er også ein viktig arena for diskusjon og samarbeid om energispørsmål med kommunane.

Kraftkompetanse KO er eit organ med høg kompetanse på spørsmål kring kraftproduksjon, utvikling og utbygging av meir fornybar energi, nett, nettvikling, naturressurs-forvaltning, skattesporsmål og elles andre spørsmål som gjeld kommunar og fylkeskommunar med kraftproduksjon. Fylkesdirektøren ser det som positivt at Kraftkompetanse er i gang med etableringa av eit regionalt kompetansesenter for energisaker. Føremålet med kompetansesenteret er å gje alle kommunar i Telemark tilbod om hjelp og kompetanse i slike saker. Dette vil vere eit verdfullt og viktig bidrag til alle kommunar i fylket.

I forslaget til økonomiplan 2027-2030 er det foreslått å auke deltakarinnskotet noko i åra som kjem, frå dagens 1 000 000 kroner til 1 200 000 kroner i 2030. For Telemark fylkeskommune utgjer det ein liten auke frå dagens deltakarinnskot. Fylkesdirektøren meiner det er fornuftig å prisjustere deltakarinnskotet, og at forslaget kan støttast.

Fylkesdirektøren noterer at årsmelding og årsrekneskap for 2025 ikkje er mottatt innan utsendinga av den politiske saka. Desse dokumenta vil bli ettersendt så snart dei kjem.

Fylkesdirektøren støttar innkallinga til representantskapsmøtet, og har ikkje merknader elles til sakene som er lagt fram.

Vedlegg:

1. Innkalling til representantskapsmøte 2026
2. Framlegg til revidert budsjett 2026
3. Framlegg til budsjett og økonomiplan 2027 - 2030